

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 26.02.2009 kl 11:30 – 18.00 , heldt Kommunestyret møte på Nordbygda samfunnshus.  
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 008/09 - 019/09  
Innkalling til møtet var sendt ut den: 19.02.2009.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Lillian Andvik, vara	Willy Borge	Øystein B. Strand, vara
Siri Tangedal Kratzmeier, vara	Tore Helland	Per Einar Langhelle
Kari Skår Sørheim var med på synfaringane som var før kommunestyremøtet var sett.		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Kari Skår Sørheim, varaordførar		Leila Torsvik Andvik

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Rådgjevar Alf Strand
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	Det var synfaring/omvisning til bedriftene i Sløvåg: Wergeland-Halsvik, Baker Oil Tools, Alexela og Johny Birkeland Transport AS Det var og synfaring til naustområdet i Skjelsundet.
<b>Diverse:</b>	

**Innkallinga vart godkjent.**

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar ynskta velkomen til Lillian Andvik som møtte som vara for KrF for første gong i kommunestyret.

Ordførar gjorde framlegg om Liv Oda Dale og Frode Langhelle til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
008/09	09/122	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
009/09	09/121	Skriv og meldingar	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
010/09	08/467	Eigarskapskontroll for Masfjorden kommune i NGIR IKS	7
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
011/09	08/247	Handlingsplan for Kulturvern i Masfjorden kommune 2008 - 2012	9
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
012/09	09/82	Vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar	12
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
013/09	09/3	Søknad om spelemidlar - kunstgras treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg	15
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
014/09	08/850	Bygging av utleigebustader på Hosteland - kostnader - finansiering	17
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
015/09	06/811	Nye omsorgsbustader på Hosteland - 2009 kostnader og finansiering	21
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
016/09	06/963	Anbod veg bustadfelt Hosteland	26
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
017/09	06/1124	Opptak av lånemidlar til startlån 2009 for vidare tildeling	29
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
018/09	09/89	Budsjett 2009 - justering i høve regjeringa sin tiltakspakke 26.01.2009	34
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
019/09	09/123	Rullering av kommuneplanen - oppstart - planprogram til offentleg høyring	39

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	26.02.2009	008/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/122
-----------	---------------------

### SAK 08/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokoll frå kommunestyret den 03.02.09 vert godkjent slik han ligg føre.

#### **KS-008/09 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå kommunestyret den 03.02.09 vert godkjent slik han ligg føre.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	26.02.2009	009/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/121
-----------	---------------------

### SAK 09/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	09/353	I	28.01.2009	Kontrollutvalet i Masfjorden kommune	Møteutskrift frå møte i kontrollutvalet den 28.01.2009
2	09/504	I	28.01.2009	Hordaland fylkeskommune	Konsesjonskraftmidlar til regionale utviklingstiltak - neste utlysing i 2010
3	09/619	I	16.02.2009	KS	KS mener nr 1 - vedtak/høringer på hovestyrets januarmøte 2009
4	09/620	I	09.02.2009	KS	Styrevedtak frå KS januarmøte 2009
5	09/665	I	13.02.2009	Skatteetaten	Kontrollrapport 2008 vedr skatteoppkrevarfunksjonen i Masfjorden
6	09/666	I	19.02.2009	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik leiar	Årsmelding 2008 for kontrollutvalet i Masfjorden

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **KS-009/09 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar. Representantane fekk høve å koma med spørsmål undervegs.

**Orienteringar/skriv utdelt i møtet:**

- Skriv 7) Årsrapport til fylkeskommunen - Lokal samfunnsutvikling Masfjorden vart utdelt i møtet.
- Skriv 8) Økonomisk analyse vart utdelt. Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om rekneskapen for 2008. Arbeidet med årsavslutninga går som planlagt. Sak om rekneskap og årsmelding 2008 vil bli handsama i kommunestyret 16. april.

**INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYREMØTET DEN 26.02.09  
FRÅ BJØRN EGIL NORDLAND, AP.**

Omorganisering av landbrukstenester i Masfjorden kommune.

Masfjorden Arbeidarparti er blitt kjend med at det blir arbeidd med ei omorganisering av landbrukstenestene (landbrukskontoret) i Masfjorden, evt. samarbeid med andre kommunar i Nordhordland og har nokre spørsmål i høve dette.

Kor langt er dette arbeidet kome?

Kva mandat har dei som driv dette arbeidet?

Kor tid skal kommunestyret bli informert om arbeidet som blir gjort?

**Svar frå ordførar:**

Det vert for tida ikkje arbeidd med ei omorganisering av landbrukstenestene i Masfjorden, men det er ein regional prosess i gong i form av eit utgreiingsarbeid.

Etter initiativ frå Lindås kommune vart det i regi av Regionrådet søkt om midlar frå fylkesmannen til eit utgreiingsarbeid omkring eit eventuelt felles landbrukskontor for Nordhordland. Tilsvarande prosjekt har vore eller er i gong når det gjeld felles IT drift, felles skatteinnkreving, felles overformynderi, felles lønskontor m.v.

Slike utgreiingar om moglege fellesløysingar bind sjølvsagt ingen kommune utan at ein har handsama saka og eventuelt gjort vedtak om at ein går inn for løysinga.

Når det gjeld felles landbrukskontor har det vore arbeidd med ei utgreiing, og arbeidet har vore organisert med representantar for kommunane og landbruket i arbeidsgruppa. Det er utarbeidd ein rapport og avgitt høyringar, og rådmannsgruppa i kommunane førebur no ei sak til styret i Regionrådet den 20. mars. Det styret går inn for, vert i neste omgang sendt til kommunane, som då står fritt til å handsama saka slik dei ynskjer.

I Masfjorden kommune er det såleis ikkje starta noko arbeid med sak omkring landbrukskontoret. Om det eventuelt skal gjerast må takast stilling til når styret i Regionrådet har gitt si vurdering på bakgrunn av utgreiingsprosjektet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	26.02.2009	010/09	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-016, N-103	Arkivsaknr.: 08/467
---------------------	---------------------

### SAK 010/09 - EIGARSKAPSKONTROLL FOR MASFJORDEN KOMMUNE I NGIR IKS

#### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber rådmannen om å kome tilbake med eit forslag til plan/prosess for å utarbeide eigarstrategi og oppfølging av kommunalt eigde selskap.

#### Utskrift til:

Nordhordland Revisjon IKS, Pb 16, 5902 Istalstø

#### KS-010/09 VEDTAK:

**Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber rådmannen om å kome tilbake med eit forslag til plan/prosess for å utarbeide eigarstrategi og oppfølging av kommunalt eigde selskap.**

#### Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:

**Laila S. Reknes, Ap**, opplyste om at ho har site i representantskapet i NGIR i siste periode. I lys av det ser ein at det hadde vore greitt å ha ei føring frå kommunestyret på korleis ein skal forhalda seg i høve saker som er til handsaming i eit interkommunalt selskap.

Rådmann Lovisa Midtbø opplyste om at KS har laga ein vegleiar for kommunane om utarbeiding av eigarstrategi for kommunale selskap. Masfjorden kommune bør difor fylgja rådet frå kontrollutvalet og laga til ein strategi på dette.

#### Røysting:

**Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Skriva er vedlagt.

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	11.06.2008	Nordhordland Revisjon IKS	Eigarskapskontroll i NGIR IKS
2	U	01.07.2008	Masfjorden kommune v/ rådmann Midtbø Lovisa	NGIR- svar frå Masfjorden i høve spørsmål om eigarskapskontroll
4	I	15.01.2009	Nordhordland Revisjon IKS	Høyringsutkast - Eigarskapskontroll for Masfjorden kommune - NGIR IKS - januar 2009
3	I	28.01.2009	Kontrollutvalet for Masfjorden kommune	Særutskrift frå møte i kontrollutvalet den 28.01.09 - Eigarskapskontroll NGIR IKS
6	I	19.02.2009	Nordhordland Revisjon IKS	Eigarskapskontroll for Masfjorden kommune NGIR IKS - rapport februar 2009

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Nordhordland Revisjon IKS har i samarbeid med SEKOM Sekretariat (Solund og Gulen) fått i oppdrag å gjennomføre selskapskontroll (eigarskapskontroll) i NGIR IKS, jf. Vedtak i kontrollutvalet 09.04.08 sak 14/08.

Viser elles til vedlagt skriv frå Nordhordland Revisjon IKS og til høyringsutkastet som og er lagt ved.

### HØYRING

### UTTALE

### FAKTA

Kontrollutvalet gjekk gjennom rapporten i møte den 28.01.2009 og gjorde slikt vedtak:

*Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.*

### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:**

”Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret ber rådmannen om å kome tilbake med eit forslag til plan/prosess for å utarbeide eigarstrategi og oppfølging av kommunalt eigde selskap.”



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	26.02.2009	011/09	Alf Strand

Arkiv: N-256, N-101.5	Arkivsaknr.: 08/247
-----------------------	---------------------

### SAK 011/09 - HANDLINGSPLAN FOR KULTURVERN I MASFJORDEN KOMMUNE 2008 - 2012

#### KS-011/09 VEDTAK:

Handlingsplan for kulturvern i Masfjorden kommune 2008-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

#### Finansiering

Tiltak i planen må finansierast kvart år i samband med budsjetthandsaminga

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:

Ordførar Håkon Matre opplyste om at namnet på planen har blitt endra til Handlingsplan for kulturvern i Masfjorden kommune.

Saka vart drøfta.

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, spurde om kva som låg til grunn for at både nothuset og fargeriet låg som nr 1 og 2 på lista og kva kostnad desse tiltaka ville ha framover.

Rådgjevar Alf Strand svara at Masfjorden båt- og sjøbrukssamling ikkje er ferdig. Største kostnaden er gjort i og med at utstillinga og gangvegen ned til nothuset er ferdig. Det er og snakk om å kunna ta i mot fleire båtar. Det er det ikkje plass til no.

På fargeriet vil det ikkje bli så stor kostnad, utanom det som årleg vil gå til nedvasking osv.

Strand orienterte om kontakt med Museumssenteret i Hordaland for å få Bjørn-West museet inn der for å få det sikra.

**Liv Oda Dale, Ap**, spurde om ikkje skulemuseet på Sleire og kunne kome inn under Museumssenteret i Hordaland ilag med Bjørn-West museet, nothuset og fargeriet.

Dale opplyste og om at Kultur- og ressursutvalet i fylket skal besøkja Nordhordland 5. og 6. mai og det må jobbast for å få dei til Masfjorden.

Strand svara at dette vil bli vurdert.

### Røysting:

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsplan for kulturvern i Masfjorden kommune 2008-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

### Finansiering

Tiltak i planen må finansierast kvart år i samband med budsjetthandsaminga

### Utskrift til:

Hordaland fylkeskommune

Dei som har kome med fråsegn til planen

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	21.07.2008	Tove Kristin Sleire Tistel	Uttale til kommunedelplan for kulturvern
5	I	24.08.2008	Arne Høyland	Uttale til kommunedelplan for kulturvern
6	I	26.08.2008	Bjørn West museet v/Alf Solheim	Høyringsdokument - kommunedelplan for kulturvern - ber om utsett frist
8	I	02.09.2008	Hordaland fylkeskommune v/ Lars Øyvind Birknes	Utsett frist for fråsegn til kulturvernplanen
3	U	05.09.2008	Hordaland fylkeskommune; Bjørn West museet v/Alf Solheim	Høyringsdokument - Kommunedelplan for Kulturvern i Masfjorden kommune 2008 - 2012
9	I	02.10.2008	Hordaland fylkeskommune v/Lars Øyvind Birknes	Ber om ny utsett frist for å koma med uttale til kulturvernplan
10	I	20.10.2008	Hordaland fylkeskommune v/Lars Øyvind Birknes	Førespurnad om ny utsett frist for fråsegn
11	U	16.01.2009	Hordaland fylkeskommune	Kommunedelplan for kulturvern
12	I	23.01.2009	Hordaland fylkeskommune	Svar på høyring om Kommunedelplan for kulturvern i Masfjorden kommune 2008 - 2012

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak 40/08: Kommunedelplan for kulturvern vert lagt ut på høyring i samsvar med reglane i Plan- og bygninglova.

### HØYRING

Planen har lege til høyring på biblioteka og på kommunehuset. Den har dessutan vore tilgjengeleg på Masfjorden kommune si heimeside. Høyringsfristen vart sett til 25. august. Det er komne inn 3 fråsegner i høyringsrunden. I tillegg er det eit par personar som har teke kontakt med sakshandsamar på telefon. Bjørn West-museet ba om å få leggja fram sin uttale i eit møte med kommunen 4. september.

Hordaland fylkeskommune har to gonger bede om utsetjing og har fått det. Fylkeskommunen har onsdag 14. januar gjeve kommunen melding om at dersom dette skal vera ein kommunedelplan, har dei ein god del merknader både til innhald og omfang i planen. På den andre sida meiner dei at dersom me kallar dette ein handlingsplan for kulturvern, har fylkeskommunen ingen innvendingar mot planen.

På denne bakgrunn har rådmannen gått inn for å kalla planen Handlingsplan for kulturvern.

### UTTALE

*Tove Kristin Sleire Tistel* ber om at Skulemuseet vert verande på Sleire også i framtida. I staden for å vurdera å flytta museet til Nordbygda skule slik det er gjort framlegg om i planen, vil ho at kommunen skal gjera meir for å skapa meir merksemd rundt museet og slik få det meir brukt.

*Arne Høyland* kjem med framlegg om at kommunen bør registrera lause kulturminne knytt til jordbruk, skogbruk, vassbruk og fjellbruk/sæterdrift på same måten som ein har gjort med båt- og sjøbruksregistreringane frå 1990-talet.

*Hordaland fylkeskommune* har ingen merknader til at kommunen nyttar planen som ein handlingsplan for kulturvern.

### VURDERING

Rådmannen vurderer dei innkomne fråsegnene som verdifulle for arbeidet med planen.

Rådmannen er samd i at det er viktig å skapa aktivitet i og rundt eit museum og slik leggja til rette for at fleire bruker det. Ein vil ta innspelet om skulemuseet på Sleire med i vurderingane om korleis ein kan driva dette museet vidare.

Masfjorden kommune har ikkje no midlar til ei slik registrering som Arne Høyland tek til orde for, men rådmannen ser at dette er ei viktig oppgåve som ein bør søkja eksterne midlar til og ta over litt lengre tid.

Bortsett frå å endra namnet, går ikkje rådmannen inn for å gjera andre endringar i kulturvernplanen i høve til det framlegget som har lege ute på høyring.

### KONKLUSJON

Rådmannen går inn for at Handlingsplan for kulturvern i Masfjorden kommune 2008-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	005/09	Alf Strand
Kommunestyret	26.02.2009	012/09	Alf Strand

Arkiv: N-258	Arkivsaknr.: 09/82
--------------	--------------------

### SAK 012/09 - VEDTEKTER FOR TILDELING AV KULTURVERN MIDLAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Innanfor vedteken budsjettsum

#### FS-005/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Framlegg til vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Innanfor vedteken budsjettsum

#### Heimel

#### Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:

Formannskapet drøfta saka og det vart stilt spørsmål om søknadsskjema, eigenandel og reglar for tildeling.

Rådmannen orienterte om tilbodet og at det vil vera viktig å ha ein låg terskel for at folk skal nytta seg av det.

Det må vera eit grundig skjøn på tildeling då det kan vera mange ting som spelar inn.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### KS-012/09 VEDTAK:

**Framlegg til vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar vert vedteke slik det ligg føre.**

#### Finansiering

Innanfor vedteken budsjettsum

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Saka vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål om søknadsfristen som er sett til 1. april var for knapp sidan dette er første gongen det er høve til å søkja slike midlar.

Det vart lufta om det av den grunn kunne vera ein ide å setja fram søknadsfristen.

Rådgjevar Alf Strand svara at fristen er den same som for kulturmidlar, men det er viktig å gjera det godt kjent. Det er og laga eit søknadsskjema som vert lagt ut på heimesida.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.**

**SAKSTILFANG:****VEDTEKTER FOR TILDELING AV KULTURVERN MIDLAR****1 Målsetjing**

Tilskotsordninga med kulturvernmidlar skal fremja vernetanken i kommunen. Kommunestyret ser kulturvernmidlane som eit aktivt tiltak for å ta vare på og sikra det lokale kulturmiljøet, det vil seia eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne.

**2 Prioritering**

Ved prioritering av søknader vil ein m.a. leggja vekt på følgjande:

- a) at størst mogleg breidd av kulturminna vert representert
- b) sjeldne kulturminne må sikrast
- c) om kulturminnet er særleg typisk for lokalmiljøet
- d) om kulturminnet er utsett og i ferd med å bli borte
- e) om kulturminnet kan få ein funksjon etter restaureringa/ istandsetjinga

**3 Føresetnader for tilskot**

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing under føresetnad av at det opphavlege som knyter seg til kulturminnet ikkje vert vesentleg endra ved restaureringa/istandsetjinga. Kommunen kan gje rettleiing til eller koma med merknader til restaureringa/istandsetjinga i kvart einskild tilfelle. Kommunen skal ha godkjent restaureringa/istandsetjinga. Det er ein føresetnad for tilskot at eigar/brukar yter ein eigendel.

#### 4 Kven kan søkja

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigar av slike minne kan søkja kulturvernmidlar. I dei tilfelle der brukaren søker om midlar, skal eigaren godkjenna søknaden.

#### 5 Saksgang

Tilskotsordninga til kulturvern vert gjort kjend ved oppslag og på kommunen si heimeside årleg. Søknadsfristen er 1. april. Søknaden vert skriven på eige søknadsskjema som ein får frå kommunen eller hentar på heimesida. Søknaden skal innehalda kostnadsoverslag, framdriftsplan, søknadssum og søkjaren sin eigendel.

#### 6 Utbetaling

Utbetaling av kulturvernmidlar skjer når restaurering/istandsetjing er ferdig i følge planane og arbeidet er godkjent av kommunen. Inntil halve tilskotet kan utbetalast når tilsvarande arbeid er gjort. Når ein søker har fått tilsegn om tilskot, må arbeidet utførast i søknadsåret eller året etter.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret vedtok i møtet 13/12 2008, sak å setja av kr 50000 til kulturverntiltak i 2009. Rådmannen har som følge av dette vedtaket utarbeidd framlegg til vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar.

Det finst mange kulturminne i Masfjorden, både eldre bygningar, bygningsmiljø, spesielle ting i kulturlandskapet og anna. Meininga med kulturvernmidlane er å stimulera vernetanken slik at eigarane av kulturminne kan sjå seg syn med å ta vare på dei.

År om anna får ein førespurnader frå privatpersonar som søker kommunal støtte til t.d. å setja i stand gamle hus. Det er mange år sidan sist kommunestyret sette av midlar til kulturvern, og difor har ein dei siste 15 år ikkje kunna gitt støtte til dei som har spurt om dette.

### VURDERING

For å sikra seg at kulturvernmidlane blir brukte på ein måte som tener føremålet, er det nødvendig å ha klare retningslinjer. Framlegget til vedtekter som følgjer vedlagt, er ei bearbeidd utgåve av dei vedtektene som vart vedtekne av kommunestyret i 1989. Rådmannen meiner at med desse vedtektene vil dei kulturvernmidlane som kommunestyret kvart år stiller til rådvelde, komma til nytte på ein god måte.

### KONKLUSJON

Framlegg til vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar vert lagt fram for kommunestyret til avgjerd.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	006/09	Alf Strand
Kommunestyret	26.02.2009	013/09	Alf Strand

Arkiv: N-536	Arkivsaknr.: 09/3
--------------	-------------------

### SAK 013/09 - SØKNAD OM SPELEMIDLAR - KUNSTGRAS TRENINGSFELT NORDBYGDA IDRETTSANLEGG

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn med eit tilskot stort kr 215000 til delfinansiering av kunstgras på treningsfelt på Nordbygda idrettsanlegg.

Tilskotet vert arbeidd inn i investeringsbudsjettet ved saldering.

#### Utskrift til:

Masfjord fotballag  
Masfjorden idrettsråd  
Hordaland fylkeskommune

#### **FS-006/09 VEDTAK:**

Masfjorden kommune går inn med eit tilskot stort kr 215000 til delfinansiering av kunstgras på treningsfelt på Nordbygda idrettsanlegg.

Tilskotet vert arbeidd inn i investeringsbudsjettet ved saldering.

#### Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS-013/09 VEDTAK:**

Masfjorden kommune går inn med eit tilskot stort kr 215000 til delfinansiering av kunstgras på treningsfelt på Nordbygda idrettsanlegg.

Tilskotet vert arbeidd inn i investeringsbudsjettet ved saldering.

**Utskrift til:**

Masfjord fotballag  
Masfjorden idrettsråd  
Hordaland fylkeskommune

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Saka vart drøfta.

**Liv Oda Dale, Ap**, spurde om kor mange dugnadstimar som var rekna inn.

Rådgjevar Alf Strand svara at det ikkje er lagt inn dugnadstimar til kunstgrasbana. Til bygget som vert sett opp på idrettsbana er det derimot lagt inn dugnadstimar til kr 160 pr time.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.12.2008	Masfjord Fotballag v/John Torsvik	Søknad om spelemidler til kunstgras treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA**

Masfjorden kommunestyre vedtok i møtet 11.12.2008, sak 121/08 at kunstgras på treningsfelt på Nordbygda idrettsanlegg skal stå som nr 5 på prioriteringslista over ordinære anlegg i Masfjorden. Det er søkt om spelemidler til 3 av dei anlegga som står framfor på lista. Masfjord fotballag har sendt inn søknad om spelemidler for 2009. Søknaden er komen innan fristen, men vil ikkje bli handsama av fylkeskommunen før det ligg føre eit dokumentert kostnadsoverslag, dokumentert eigenkapital og vedtak om at kommunen vil finansiera sin del.

**VURDERING**

I finansieringsplanen er det rekna med eit kommunalt tilskot på kr 215313. Det er 20 % av dei samla kostnadene med anlegget. Det er ikkje urimeleg om kommunen går inn med ein slik del av finansieringa i dette prosjektet. Kommunen vil kunna finansiera sin del av kostnaden med momskompensasjon.

**KONKLUSJON**

Masfjorden kommune går inn med eit tilskot stort kr 215000 til delfinansiering av kunstgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	007/09	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	26.02.2009	014/09	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-130, N-138	Arkivsaknr.: 08/850
---------------------	---------------------

### SAK 014/09 - BYGGING AV UMLEIGEBUSTADER PÅ HOSTELAND - KOSTNADER - FINANSIERING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Masfjorden kommune vedtek å byggje 5 utleigebustadar på Hosteland til ein brutto kostnad med inntil 6,7 mill.kr.
- 2) Ei eining vert seld for å sikre delfinansiering av totalprosjektet

#### Finansiering

Jf. Budsjett – under konklusjon

#### Heimel

Økonomireglementet

#### Utskrift til:

Gravdal

### FS-007/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) Masfjorden kommune vedtek å byggje 5 utleigebustadar på Hosteland til ein brutto kostnad med inntil 6,7 mill.kr.
- 2) Ei eining vert seld for å sikre delfinansiering av totalprosjektet

#### Finansiering

Jf. Budsjett – under konklusjon

#### Heimel

Økonomireglementet

#### Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:

Rådmannen orienterte.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-014/09 VEDTAK:**

- 1) Masfjorden kommune vedtek å byggje 5 utleigebustadar på Hosteland til ein brutto kostnad med inntil 6,7 mill.kr.
- 2) Ei eining vert seld for å sikre delfinansiering av totalprosjektet

**Finansiering**

Jf. Budsjett – under konklusjon

**Heimel**

Økonomireglementet

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	05.11.2008	Reknes Byggjevarer LL	Tilbod på bygging av utleigebustader på Hosteland
1	I	10.11.2008	Gravdal Bygg AS	Tilbod på bygging av utleigebustader på Hosteland

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Det er i sak 122/08 vedteke oppføring av 5 utleigebustader på Hosteland. Det er gjennomført anbudsrunde og arbeidet er tildelt Gravdal bygg a/s. Det er no gjennomført avklaringsrundar mellom kommunen som byggherre og Gravdal bygg som totalentreprenør.

**FAKTA**

Kommunestyret har i sak 122/08 vedteke finansiering med 5 mill netto. Dette vedtaket er fatta før avklaringar og heile kostnadsbiletet er klargjort.

Under følger eit kostnadsoppsett.

	utleige bust	referanse
Anbod:	4 775 000	1
Tillegg;		
Arkitektfeil		
Hjelpemiddel		
Vannboren varme		
Breidd gangveg		
innreiing loft	334 000	3
Kjøkken		
Vask soverom mm		
Dør vindfang/stove		
Verandadør		
Varmepumpe x4/x5	84 500	2
Bad tilpasningar		
Alu vind/dør	34 502	4
Trådløs brannalarm		
Ekstra lydisolering	37 500	5
Ekstra vask bad		
Systemnøkler		
Kvitevarer kjøkken spes l		
Kvitevarer kjøkken felles		
Extra telefonuttak alle		
<b>Kostnader</b>	<b>5 265 502</b>	
<b>brutto investering</b>	<b>6 581 878</b>	

Dette synleggjer kostnadene ved eit bygg med 5 leiligheiter. Ved tilbudsutsending vart det bede om 2 leiligheiter med 1 soverom. I drøftingar med Gravdal er det etablert loft som i naboileilighetene slik at desse einingane får 2 soverom.

Det er lagt inn ekstra lydisolering mellom einingane utover standard. Det er også etablert varmpumper luft/luft på bakgrunn av krav om 2 varmekilder.

I tilbod frå entreprenørane er kostnader til tomtegrensene lagt inn. På utleigebustadene må avløp knytast til kumme nede ved riksvegen. Denne må dimensjonrast med tanke på hus i øvre del av feltet. Kostnader ved dette er berekna til ca 100.000,-. Totale kostnader vil kome på 5.365.000,-

Kommunestyret har i utgangspunktet tildelt prosjektet 5 mill.

## VURDERING

Rådmannen tilrår at bygget vert oppført som omtala. Tidlegare vedtak om finansieringsramme framkom før prosjektet var ferdig prosjektert og kostnadene klarlagd. Tillegga er naudsynte og ekstra lydisolering er tilrådd på bakgrunn av erfaringar og for å lettare kunne seksjonere og selje einskildeiningar.

Dette investeringstiltak kan ein sjå i samanheng med 2 andre prosjekt – omsorgsbustadar Hosteland (7,5 mill.kr.) og veg (0,3 mill.kr.). Samla har desse 3 prosjekta ut i frå tidlegare vedtak i Kommunestyret ein finansieringsmanko eller avvik på kr. 1.350.000,-. Sal av ei eining i dette prosjektet – utleigebustadar Hosteland til sjølvkost vil dekkje dette finansieringsbehovet, og vi har difor budsjettert med sal av 1 eining som delfinansiering.

## KONKLUSJON

Utleigebustadene på Hosteland vert oppført med ei kostnadsramme på 6,7 mill.kr., og med følgjande budsjett;

02309	Nybygg	6 700 000
09700	Overf. frå drift	-1 400 000
06700	sal av hus	-1 350 000
09101	bruk av lån	-3 000 000
09400	bruk av fond	-950 000
	sum finansiering	-6 700 000

Løpande rapportering av prosjektet i tråd med økonomireglementet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	008/09	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	26.02.2009	015/09	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-332, N-104	Arkivsaknr.: 06/811
---------------------	---------------------

### SAK 015/09 - NYE OMSORGSBUSTADER PÅ HOSTELAND - 2009 KOSTNADER OG FINANSIERING

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Investeringsramme for prosjekt "nye omsorgsbustadar Hosteland" vert sett til inntil 7,5 mill.kr. brutto.

Framdrift i prosjektet vert rapportert til formannskap og kommunestyre slik det framkjem i økonomireglementet.

#### **Finansiering**

Budsjettframlegg er i balanse

#### **Heimel**

m.a. Økonomireglementet

### **FS-008/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Investeringsramme for prosjekt "nye omsorgsbustadar Hosteland" vert sett til inntil 7,5 mill.kr. brutto.

Framdrift i prosjektet vert rapportert til formannskap og kommunestyre slik det framkjem i økonomireglementet.

#### **Finansiering**

Budsjettframlegg er i balanse

#### **Heimel**

m.a. Økonomireglementet

#### **Utskrift til:**

Gravdal

**Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-015/09 VEDTAK:**

**Investeringsramme for prosjekt ”nye omsorgsbustadar Hosteland” vert sett til inntil 7,5 mill.kr. brutto.**

**Framdrift i prosjektet vert rapportert til formannskap og kommunestyre slik det framkjem i økonomireglementet.**

**Finansiering**

Budsjettframlegg er i balanse

**Heimel**

m.a. Økonomireglementet

**Utskrift til:**

Gravdal

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Saka vart drøfta.

**Willy Borge, Frp**, sa at det er viktig å få laga til rikeleg med parkeringsplassar. Slik som det no har vore med dei eksisterande bustadane har manglande parkeringsplassar vore eit problem.

**Karstein Totland, H**, opplyste om at parkeringsplassar er med i anbodet.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	05.06.2007	Husbanken	Forslag om nytt investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader
4	U	28.06.2007	Husbanken region vest	Forespurnad i høve planlegging av nye bustader

6	I	28.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader - Omsorgsplan 2015
7	I	12.03.2008	Husbanken	Nytt investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader
8	U	08.04.2008	Kommunelege I Rolf M. Tande; Psykiatrisk sjukepleiar Dag Haarklau; Avd.leiar Helga Ellingsen; Malin S. Daae; Fysioterapeut Charlotte Nielsen; Lillian Haugsdal; Avd.leiar Reidun Kvamsdal	Oppdrag til intern utgreiing - utforming og plassering av omsorgsbustader
9	U	24.04.2008	Anne Karin Sletten, Oddny Daae og Kjell Molland Klaus Nordli	Invitasjon til å delta i planarbeid om nye omsorgsbustader på Hosteland
10	U	14.05.2008	Felleslaget v/Oddny Daae	Skriv til Felleslaget - samarbeid om bustader
11	I	22.05.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader - Omsorgsplan 2015 - etterlysing av svar på kartlegging
13	I	29.05.2008	Husbanken	Forskrift om investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar frå Husbanken
14	I	29.05.2008	Masfjorden kommune	Kart
15	U	05.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland v/Tor Turøy	Skjema til fylkesmannen - kartlegging utbyggingsbehov
16	U	11.06.2008	Styra i helselaga i Nordbygda	Drøftingar med helselaga om leigeavtale bruk av fellesareal
17	U	28.08.2008	Firma	Invitasjon til synfaring - entreprenørar
19	U	27.09.2008	Entreprenørar	Spesifisering bygg - Masfjorden
22	I	05.11.2008	Waldebygg	Tilbod på oppføring av 6 stk omsorgsbustader på Hosteland
20	I	05.11.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Tilråding om tilsegn om investeringstilskot til fem nye omsorgsbustader på Hosteland
21	I	07.11.2008	Reknes Byggjevarer LL	Tilbod på oppføring av 6 nye omsorgsbustader på Hosteland
23	I	07.11.2008	Gravdal Bygg as	Tilbod på bygging av nye omsorgsbustader på Hosteland
24	I	13.11.2008	Husbanken	Førebels søknad om investeringstilskot - Hosteland omsorgsbustader
26	U	27.11.2008	Gravdal Bygg as; Reknes Byggjevarer LL; Waldebygg	Melding om delegert vedtak - Val av entreprenør - utbyggjar av omsorgsbustader på Hosteland
27	I	01.12.2008	Husbanken	Tilsagn om investeringstilskot omsorgsbustader på Hosteland

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Invitasjon til å delta i konkurranse om bygging av omsorgsbustader vart sendt ut i fjor haust. Gravdal bygg a/s leverte då lågaste tilbod.

Kommunestyret fatta vedtak om finansiering i sak 122/08. Ramma vart då sett til 3.650.000,- netto etter delfinansiering med statstilskot. Vedtaket vart fatta før prosjektering var avslutta.

### FAKTA

Forhandlingar om bygging er no avslutta. Det er tilført ei rekkje endringar som får kostnadmessige konsekvensar. Generelt er det lagt inn varmepumper i 4 einingar. Ei av leiligheitene er spesialtilpassa funksjonshemma og ei skal nyttast til felleslokale/rehabilitering og er av den grunn etablert med vannboren varme.

Det er elles lagt inn bygningsmessige endringar der areal bad er større på bekostning av soverom, breidd på gangveg er auka slik at bil kan køyre til inngangsdørene. Det er også lagt inn alu beslag på vindauge og dørar.

Til saman er tillegga summert til ca 750.000,- utover opprinneleg vedtak.

I opprinneleg tilbod er det fastsett at kommunen klargjer tomt for bygging. Det går i dag luftspenn (el og tele) tvers over tomta. Denne må i samarbeid med BKK og telenor leggjast om. Alternative løysingar og kostnader er når denne saka vert formulert, ikkje klarlagt. Førebels er kostnadene til dette anslått til 100.000,-

	oms bustader teneste 26507	
Tillegg/Anbod	5 510 000	1
Arkitektfeil	100 000	8
Hjelpemiddel		
Vannboren varme	85 000	7
Breidd gangveg	46 667	3
Innreiing loft		
Kjøkken	10 667	8
Vask soverom mm	20 400	6
Dør vindfang/stove		
Verandadør		
Varmepumpe x4/x5	67 600	2
Bad tilpasningar	35 450	5
Alu vind/dør	46 220	9
Trådløs brannalarm	9 500	4
Ekstra lydisolering		
Ekstra vask bad		
Systemnøkler	7 584	13
Kvitevarer kjøkken spes I	24 231	11
Kvitevarer kjøkken felles	24 231	12
Extra telefonuttak alle	2 200	10
<b>Kostnader</b>	<b>5 989 750</b>	
<b>brutto investering</b>	<b>7 487 188</b>	



## VURDERING

Rådmannen tilrår at bygget vert oppført slik saka no framkjem. Dette er naudsynte endringar for å gjere bygget funksjonelt for dei som skal bu og arbeide der.

Justert budsjett for prosjektet vert;

02309	<b>brutto investering</b>	<b>7 500 000</b>
	<b>Finansiering</b>	
	Overf. frå	
09700	drift/mva.komp.	-1 500 000
08101	Statstilskot (+240.000)	-1 500 000
09101	eksterne låneopptak	-1 350 000
09400	bruk av fond *	-3 150 000
	Sum finansiering;	-7 500 000

## KONKLUSJON

Omsorgsbustadene på Hosteland vert oppført med ei netto kostnadsramme på 4.500.000,- etter at statstilskot 1.490.000,- er fråtrekt.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	009/09	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	26.02.2009	016/09	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-561.2	Arkivsaknr.: 06/963
----------------	---------------------

### SAK 016/09 - ANBOD VEG BUSTADFELT HOSTELAND

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bygging av veg for å utløse dei siste bustadtomtene i byggjefelt Hosteland aust, vert samordna med bygging av omsorgsbustader og utleigebustader i feltet. Gravidal bygg a/s er totalentreprenør for desse utbyggingane. Det vert teikna eigen kontrakt for dette arbeidet.
2. Investeringa vert finansiert ved å nytte 300.000,- av fondsmidlar og restfinansiert over kraftfondet. Kostnaden ved vegen er rekna til inntil 700.000,-

#### Finansiering

Finansiert ved å nytte 300.000,- av fondsmidlar og restfinansiert over kraftfondet.

#### Heimel

Økonomireglementet

### FS-009/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Bygging av veg for å utløse dei siste bustadtomtene i byggjefelt Hosteland aust, vert samordna med bygging av omsorgsbustader og utleigebustader i feltet. Gravidal bygg a/s er totalentreprenør for desse utbyggingane. Det vert teikna eigen kontrakt for dette arbeidet.
2. Investeringa vert finansiert ved å nytte 300.000,- av fondsmidlar og restfinansiert over kraftfondet. Kostnaden ved vegen er rekna til inntil 700.000,-

#### Finansiering

Finansiert ved å nytte 300.000,- av fondsmidlar og restfinansiert over kraftfondet.

#### Heimel

Økonomireglementet

**Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Formannskapet drøfta saka.

Willy Borge, Frp, sa at det var viktig å få laga rikeleg med parkeringsplassar i samband med utbygging av nye omsorgsbustader.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-016/09 VEDTAK:**

- 1. Bygging av veg for å utløyse dei siste bustadtomtene i byggjefelt Hosteland aust, vert samordna med bygging av omsorgsbustader og utleigebustader i feltet. Gravdal bygg a/s er totalentreprenør for desse utbyggingane. Det vert teikna eigen kontrakt for dette arbeidet.**
- 2. Investeringa vert finansiert ved å nytte 300.000,- av fondsmidlar og restfinansiert over kraftfondet. Kostnaden ved vegen er rekna til inntil 700.000,-**

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Saka vart drøfta.

**Karstein Totland, H**, sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Kommunestyret utset sak 016/09 til det kjem interessentar til dei aktuelle tomtane.*

**Røysting:**

Formannskapet si tilråding og Høgre sitt framlegg vart røysta opp mot kvarandre.

**Formannskapet si tilråding vart vedteke med 9 mot 8 røyster. (H, Frp, og KrF.)**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	26.10.2006	Helge Birkeland; Svein Andvik; Frode Haugsvær Maskin; Gunnar Trædal	Anbod veg bustadfelt Hosteland
2	U	15.12.2006	Ansgar Birkeland A/S	Anbod veg bustadfelt Hosteland

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Vegutløsning av siste del av byggjefeltet på Hosteland har vore planlagt sidan starten av 2006. Det vart då sett ei kostnadsramme på 300.000,- Ved anbudsopning vart det klarlagt at lågaste anbod var på over 700.000,- Vidare arbeid med vegen vart då utsett.

I samband med utbyggjing av omsorgsbustadene er denne saka aktualisert. Gravdal som entreprenør for omsorgsbustadene har formidla at det vil vere ein fordel praktisk og økonomisk om arbeidet med vegen vert samordna med utbyggjingane i området. Gravdal har innhenta pris hjå Birkeland på 300.000,- for å etablere veg. Då er ikkje framføring av va, straum og tele inkludert. I 2006 var årsak til forskjell mellom 300.000,- og over 700.000,- om framføring av desse delane var inkludert eller ikkje.

### FAKTA

Gravdal har no fått i oppdrag å bringe fram kostnader ved ein komplett veg inkludert va, straum og tele. Når denne saka vert førebudd er dette ikkje klarlagt. Vonaleg kan dette leggjast fram i møte.

Det er her tre alternativ;

Lage veg fram som ikkje samstundes framfører va, straum og tele. Kostnad på dette vil vere 300.000,- Ved etablering av bustader må vegen takast att for nedleggjing av dette. Vi vil då sikre ”marknadsføring ved at potensielle kjøparar av tomtar får eit langt betre inntrykk av området enn i dag. ***Dette tiltaket er lagt inn i ”finansieringspakka” (omsorgsbustadar, utleigebustadar og veg Hosteland) med bruk av fond.***

Etablere fullverdig veg til kostnader på 600 – 700.000,-. Dette vil sjølvsagt vere den beste løysinga både praktisk og økonomisk, men må avvegast mot kommunen sin finansieringsevne no. ***Denne meirutgifta må ein finne inndekking for – dvs. 3-400.000 utover det som er finansiert med fond – ein kan evt. vurdere å nytte kraftfondet her (jf. delfinansiering andre byggeprosjekt)***

Utsetje spørsmål om veg. Dette kan vere ei ulempe fordi det no er planar om å oppføre utleigebustader også med tanke på at leigetakarar etter ei tid kan velje å oppføre eigen bustad i feltet.

### KONKLUSJON

Rådmannen tilrår at det vert utbygd ein fullstendig veg.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	26.02.2009	017/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-145	Arkivsaknr.: 06/1124
--------------	----------------------

### SAK 017/09 - OPPTAK AV LÅNEMIDLAR TIL STARTLÅN 2009 FOR VIDARE TILDELING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune tek opp lån hjå Husbanken som startlån for vidare tildeling med kr. 2.000.000.
2. Lånet skal nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til:

- Husbanken, pb 7650, 5020 Bergen
- Nordhordland Revisjon IKS, pb 16,5902 Isdalstø
- Fylkesmannen i Hordaland, pb 7310, 5020 Bergen
- NAV sosialtenesta, 5986 Hosteland
- Kommunekassa, her

#### **KS-017/09 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune tek opp lån hjå Husbanken som startlån for vidare tildeling med kr. 2.000.000.
2. Lånet skal nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.12.2006	Husbanken	Søknad om startlån for 2007
2	I	12.01.2007	Masfjorden kommune	Utfylt skjema - søknad om midlar til startlån
3	I	19.01.2007	Husbanken	Løyving av startlån for vidare tildeling
5	I	29.01.2008	Husbanken	Løyving av startlån for vidare tildeling for 2008
6	I	17.04.2008	Husbanken	Løyving av bustadtilskot - startlån for vidare tildeling
7	I	05.11.2008	Husbanken	Er det fortsatt aktuelt å bruke startlånet
8	U	01.12.2008	Husbanken	Følgelbrev - innsending av underskriven låneavtale
9	I	17.12.2008	Husbanken	Søknad om startlån og bustadtilskott for 2009
10	I	09.02.2009	Husbanken	Innvilging av startlån frå Husbanken

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Husbanken har løyvd kr.2.000.000,- til Masfjorden kommune for vidare utlån – startlån i 2009. Låneopptak krev godkjenning og vedtak av kommunestyret.

### FAKTA

Frå og med 1.1.2003 er det innført ei ny låneordning som inneber at kommunane sitt etableringslån vert slått saman med husbanken si ordning med kjøpslån og vert kalla startlån med kommunane som tildelar. Utlån til privatpersonar som har problem med å skaffe seg bustad eller å bli buande i den bustaden dei har. Det må utarbeidast lokale retningsliner for bruk av startlån som må samsvare med retningslinene som er utarbeidd frå husbanken/staten.

Ordninga med startlån vart fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet 2. desember 2002 med heimel i lov av 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank §§ 1 og 21.

Masfjorden kommune vedtok i sak 18/03 retningsliner for startlån.

#### 1 Føremål

Startlån skal medverke til at husstandar med bustadetableringsproblem skal få sjansen til å etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.

Husstandar med etableringsproblem er husstandar som har behov for heil eller delvis finansiering frå kommunen. Finansieringa skal gi husstanden stabile buforhold.

## 2 KVEN KAN FÅ LÅN?

Startlån er behovsprøvd og kan omfatte unge i etableringsfasen, barnefamilier, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktingar, personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar.

Lånsøkjjarar må dokumentere at dei framtidige inntektene til husstanden medrekna eventuelle stønader er tilstrekkelege til å greie renter og avdrag på lån i tillegg til vanlege levekostnader. Dokumentasjonen skal givast i form av ei eigenvurdering av økonomien etter låneopptaket. Kommunen kan krevje ytterlegare dokumentasjon.

Søknaden vil bli avslått dersom kommunen meiner lånsøkjaren ikkje vil greie dei framtidige betalingsskyldnadene.

Alle husstandsmedlemmer som er med på å skaffe nødvendig inntektsgrunnlag, bør normalt også vere låntakarar.

## 3 KVA DET KAN GIVAST LÅN TIL

### **Kjøp av bustad**

Startlån kan ytast til kjøp av bustad, anten som topp- eller fullfinansiering.

### **Utbetring**

Startlån kan brukast til utbetring av bustaden.

### **Oppføring av bustad**

Startlån kan brukast til toppfinansiering, saman med grunnfinansiering frå Husbanken eller andre finansinstitusjonar.

### **Refinansiering**

Startlån kan nyttast til refinansiering av dyre lån dersom det resulterer i at husstanden får ein reell sjanse til å bli buande i bustaden.

### **Førehandsgodkjenning**

Kommunen kan gi ei skriftleg stadfesting på at lånsøkjaren vil få startlån dersom søkjaren finn ein høveleg bustad med kjøpesum innanfor eit bestemt beløp.

Kommunen vil vurdere kva behov husstanden har, både når det gjeld bustad og finansiering. Valet av bustad og finansieringsløyving føreset at husstanden kan bli buande i bustaden. Uansett er det ein føresetnad at bustaden ikkje er dyrare enn at søkjaren kan greie buutgiftene over tid og framleis ha att nødvendige midlar til livsopphald.

### **Nærmare om bustaden**

Bustaden skal vere rimeleg og nøktern i forhold til prisnivået på staden. Kva som er ein akseptabel kjøpesum, kan derfor variere noko frå stad til stad. Særleg vil det kunne vere aktuelt å godta høgare pris i pressområde. For bustader i burettslag vil både kjøpesum og del av fellesgjeld bli lagde til grunn for vurderinga.

## 4 Låneutmåling – finansieringspakkar

Låneutmålinga blir fastsett innanfor 100 % av kjøpesummen, nybyggingskostnadene, utbetningskostnadene eller verdien av bustaden, pluss eventuelle kostnader.

Storleiken på lånet vil òg, som nemnt under punkt 2, avhenge av husstanden sin økonomi og dessutan av låneutmåling frå annan långivar.

Startlån kan givast som topplån eller fullfinansiering Som prinsipp legg kommunen til grunn at di meir vanskelegstilt husstanden er, di større del av finansieringa kan vere startlån. For særleg vanskelegstilte husstandar kan startlånet brukast i kombinasjon med bustadtilskot.

### **5 Rente- og avdragsvilkår**

Startlån blir ytt med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og avdragsvilkår.

Normalt gjeld følgjande vilkår:

Flytande rente

Inntil 25 års nedbetalingstid

Ingen avdragsfri periode

2 terminar pr. år

### **6 Trygd for lånet**

Ved startlån fastset kommunen sjølv kva slags trygd som skal krevjast.

### **7 Klagerett**

Det er høve til å klage på vedtak kommunen har gjort om tildeling, utmåling, avvising og avslag på lån. Klagen må vere skriftleg og skal sendast det kontoret i kommunen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast og skal nemne det vedtaket ein klagar over, og kva slags endring ein ønskjer. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram. Dersom klagen ikkje får medhald, blir han send til klagenemnda i kommunen (formannskapet).

Omfanget av utlån med husbankmidlar (kjøpslån frå husbanken/etableringslån frå kommunen etter låneopptak i husbanken) har dei siste åra ikkje vore noko særleg omfattande, med fleire år utan utlån. Saldo ubrukte lånemidlar til dette føremålet utgjer pr. 31.12.06 kr. 788.112,-. Sosialkontoret har bede om midlar til utlån for 2007.

Startlån via kommunen skal i første rekke gjevast til personar som har problem med å skaffe seg nødvendig (tilleggs)lån i andre bankar eller har problem med å klare utgiftene til renter & avdrag på slike lån → dvs. eit sosial preg over låna → «kommunen skal ikkje drive bank».

Vilkåra for lånet er etter kommunens ynskje; Serielån, 0 år avdragsfri og 15 års ned-betaling, p.t. 3,9% (1.4.07) rente.

Kommunen kan til einkvar tid søkje om meir lånemidlar frå Husbanken om det skulle vere behov for det utover i 2007.

## **Vurdering**

Ordninga med startlån inneber i praksis ikkje den store endringa i høve til tidlegare ordning med kjøpslån/etableringslån – anna enn at det vert samla hjå kommunane til forvaltning og husbanken si rolle vert endra frå tildelar til rådgjevar.

Det er opna for at kommunane kan yte både grunn- og toppfinansiering – dvs. inntil 100% av eit utlån. Masfjorden kommune har praktisert toppfinansiering – normalfordeling 80/20% kor kommunen tek dei siste %. Ein føreslår at Masfjorden kommune avgrensar seg til toppfinansieringsdelen.

Innføring av ordninga med startlån kan medføre ein auka søknad til kommunen – fleire saker/søknader å handsame – kommunen er gitt heimel til å ta tilleggsmargin med 0,25% på renta til å kompensere for arbeidet med dette.



Kommunestyret kan eventuelt vurdere å innføre maksimalgrense for lån, men ein ser ikkje på det som nødvendig så lenge ein baserer ordninga på toppfinansieringsdelen.

Med bakgrunn i at kommunen satsar på nyetableringar og at det er lite frie midlar til vidare utlån att, vil ein tilrå at kommunen tek opp startlån hjå Husbanken med kr. 2.000.000,- til vidare utlån i 2009.

## **KONKLUSJON**

Som framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.02.2009	010/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	26.02.2009	018/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 09/89
--------------	--------------------

### SAK 018/09 - BUDSJETT 2009 - JUSTERING I HØVE REGJERINGA SIN TILTAKSPAKKE 26.01.2009

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunen sin del av tiltakspakka som gjeld vedlikeholdsmidler vert tilført driftsbudsjettet for teneste 33301 kommunale vegar med kr. 1.106.000 – konto 12304 vedlikehald, finansiert med statstilskot.
2. Det vert ikkje gjort endringar i kommunebudsjettet som følgje av tiltakspakka midlar som er knytt til frie inntekter og skattekompensasjon.

#### Finansiering

Øyremarka statlege midlar

#### Heimel

m.a. Økonomireglementet

#### FS-010/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kommunen sin del av tiltakspakka som gjeld vedlikeholdsmidler vert tilført driftsbudsjettet for teneste 33301 kommunale vegar med kr. 1.106.000 – konto 12304 vedlikehald, finansiert med statstilskot.
2. Det vert ikkje gjort endringar i kommunebudsjettet som følgje av tiltakspakka midlar som er knytt til frie inntekter og skattekompensasjon.

#### Finansiering

Øyremarka statlege midlar

#### Heimel

m.a. Økonomireglementet

#### Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland

**Det skjedde i Formannskapet den 18.02.2009:**  
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-018/09 VEDTAK:**

1. Kommunen sin del av tiltakspakka som gjeld vedlikeholdsmidler vert tilført driftsbudsjettet for teneste 33301 kommunale vegar med kr. 1.106.000 – konto 12304 vedlikehald, finansiert med statstilskot.
2. Det vert ikkje gjort endringar i kommunebudsjettet som følgje av tiltakspakka midlar som er knytt til frie inntekter og skattekompensasjon.

**Finansiering**

Øyremerka statlege midlar

**Heimel**

m.a. Økonomireglementet

**Det skjedde i Kommunestyret den 26.02.2009:**

Ordførar Håkon Matre orienterte.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

**Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Pressemeldingar knytt til framlagde tiltakspakke frå regjeringa av 26. januar 2009

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Pressemelding, publisert 26.01.2009

## Tiltakspakken 26. januar 2009

# Kommunebudsjettene styrkes med 6,4 milliarder

- 6,4 milliarder mer til kommunene betyr mer vedlikehold og økt sysselsetting i bygg- og anleggsbransjen. Dessuten vil styrking av de frie inntektene gi rom for økt aktivitet i mange kommuner, sier kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa.

Regjeringen har vært opptatt av å få på plass tiltak som virker raskt.

- Jeg vet at kommunene har prosjekter de kan sette i gang nå. Vi har gjort nye ordninger enkle og ubyråkratiske og venter rask effekt, sier Kleppa.

Regjeringen vil gi kommunene fire milliarder kroner ekstra til vedlikehold, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg, anlegg og veier.

- Dette vil komme innbyggere landet over til gode gjennom blant annet bedre skoler og bedre veier. Jeg er sikker på at kommunene vil bruke disse pengene godt. De kan ta igjen vedlikeholdsetterslep, og de kan oppgradere kommunale bygg med tiltak som bedrer inneklima, energibruk eller universell utforming, sier Kleppa.

Regjeringen foreslår også å gi kommunene 1,2 milliarder kroner mer i frie inntekter. Dette kommer på toppen av de 8,4 milliardene ekstra som kommunene fikk i statsbudsjettet. I tillegg vil kommunenes inntekter øke med 800 millioner kroner i merverdiavgiftskompensasjon på grunn av ekstratiltakene i regjeringens tiltakspakke.

I tillegg til egne midler til vedlikehold og økte rammeoverføringer, blir kommunene slik regjeringen varslet før jul, kompensert for lavere skatteinntekter i 2009.

Regjeringen foreslår følgende tiltak for kommunesektoren:

**Vedlikeholdstilskudd:** Et midlertidig tilskudd til vedlikehold og rehabilitering av infrastruktur i kommuner og fylkeskommuner på 4 milliarder kroner. Tilskuddet fordeles med et likt beløp per innbygger og gis til alle kommuner og fylkeskommuner uten forutgående søknadsbehandling. Tiltakene som finansieres under ordningen skal komme i tillegg til vedtatte prosjekter i kommunenes budsjetter for 2009.

**Frie inntekter:** Kommunesektorens frie inntekter økes med 1,2 milliarder kroner. I tillegg kommer økte frie inntekter fra merverdikompensasjon på 0,8 milliarder kroner knyttet til økt kjøp av varer og tjenester som følge av tiltakspakken. Som regjeringen varslet før jul, vil kommunesektoren kompenseres for det reelle inntektsbortfallet knyttet til lavere anslåtte skatteinntekter i 2009. Det reelle inntektsbortfallet er på usikkert grunnlag anslått til rundt 1,2 milliarder kroner, når det også tas hensyn til lavere anslag for lønns- og kostnadsveksten i kommunesektoren. Dette kompenseres i en tilsvarende økning i rammeoverføringene.

**Rentekompensasjon:** Kommunene har vist stor interesse for rentekompensasjonsordningen for skole- og svømmeanlegg og har allerede planlagt mange prosjekter. Investeringsrammen for 2009 økes fra 2 til 3 milliarder kroner, og bevilgningen i 2009 økes med 30 millioner kroner, fra 930 millioner kroner til 960 millioner kroner. Investeringsrammen for 2009 i rentekompensasjonsordningen for kirkebygg økes med 400 millioner kroner fra 800 millioner kroner til 1,2 milliarder kroner. Det innebærer økte tilskudd over statsbudsjettet på 12 millioner kroner i 2009 fra 105,4 millioner kroner til 117,4 millioner kroner.

**Investeringsstilskudd:** Investeringsstilskuddet til omsorgsboliger og sykehjemsplasser skal stimulere kommunene til å fornye og øke tilbudet av sykehjemsplasser og omsorgsboliger.

Bevilgningen til bygging av sykehjemsplasser og omsorgsboliger økes med 156,6 millioner kroner, tilsvarende ytterligere 1500 plasser i tillegg til de 1000 som allerede ligger i statsbudsjettet for 2009.

**Læreplasser:** For å bidra til å opprettholde antall læreplasser, økes fylkeskommunenes lærlingtilskudd til bedrifter i 2009 med 185 millioner kroner.

**Tilskuddsordning:** En midlertidig, søknadsbasert tilskuddsordning for digital fornying i kommunene med sikte på effektivisering av de kommunale tjenestene på 60 millioner kroner. Bevilgningen skal dekke tilskudd til prosjekter med utviklingskarakter og læringseffekt for andre kommuner, fylkeskommuner og statlige virksomheter. Tilskudd gis til prosjekter som starter opp innen utgangen av 2009.

**Utleieboliger:** Regjeringen bevilger 250 millioner kroner til 1500 nye utleieboliger for vanskeligstilte grupper og øker lånerammen i Husbanken med to milliarder kroner. Dette kommer i tillegg til pakken på 6,4 milliarder til kommunene.

**Energiltak:** Enova får 1,2 milliarder kroner ekstra til ordninger for energiltak. Dette er ordninger kommuner og fylkeskommuner kan søke på.

**Idrettsanlegg:** Regjeringen foreslår et tilskudd på 250 millioner kroner til nybygg og rehabilitering av idrettsanlegg over Kulturdepartementets budsjett. Det blir lagt særlig vekt på anlegg for barn og ungdom. Disse pengene kommer i tillegg til de 6,4 milliardene til kommunene.

## FAKTA

Pressemelding, publisert 26.01.2009

### Tiltakspakken 26. januar 2009

## Hordaland får 604 millioner ekstra

**I Hordaland får kommunene og fylkeskommunen til sammen 604 millioner kroner til vedlikehold, økte frie inntekter og økt momskompensasjon gjennom regjeringens tiltakspakke.**

- Det betyr sysselsetting innen bygg og anlegg og bedre kvalitet på offentlige veier og bygg, sier kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa.

Regjeringens tiltakspakke innebærer en kraftig satsing på vedlikehold og investeringer i kommunene. Kommunebudsjettene styrkes med 6,4 milliarder kroner på landsbasis.

I tillegg til egne midler til vedlikehold og økte rammeoverføringer, er det som følge av tiltakspakken beregnet en økning i momskompensasjon for fylkeskommunene og kommunene. For Hordaland er denne på om lag 78 millioner kroner.

Alle fylker får dessuten del i økte investeringsrammer for bygging av omsorgsboliger, sykehjemsplasser og rentekompensasjonsordninger for skole, svømmeanlegg og kirkebygg. Kommunesektoren blir dessuten kompensert for lavere skatteinntekter i 2009.

- Ekstramilliarder til vedlikehold, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg, anlegg og veier vil komme innbyggere landet over til gode. Jeg er sikker på at kommunene vil bruke disse pengene godt. De kan ta igjen vedlikeholdsetterslep, og de kan oppgradere kommunale bygg og anlegg med tiltak som bedrer inneklima, energibruk eller universell utforming, sier Kleppa.

## Nøkkeltall for kommunene i Hordaland:

Kommunene i Hordaland får 312,6 millioner kroner i vedlikeholdstilskudd (kolonne 1 i vedlagte tabell) og 94,2 millioner kroner i økte frie inntekter (kolonne 2 i vedlagte tabell). Samlet utgjør dette 406,8 millioner kroner (kolonne 3 i vedlagte tabell).

Kompensasjon for forventet skattesvikt er beregnet til 99,1 millioner kroner (kolonne 4 i vedlagte tabell).

Som en følge av tiltakspakken er det i tillegg beregnet en økning i merverdiavgiftskompensasjon for fylkeskommunen og kommunene i Hordaland fylke på om lag 78 millioner kroner.

### Kommune

	Vedlikeholds- tilskudd fordelt etter innb.tall (1000 kr)	Frie inntekter etter kostnads- nøkkelen (1000 kr)	Sum av kolonne 1-2 (1000 kr)	Skattekomp. fordelt etter Kostnadsnøkkelen (1000 kr)
	1	2	3	4
1266 Masfjorden	1 106	440	1 546	463

## VURDERING

Tiltakspakka frå regjeringa inneber at Masfjorden kommune får tilført;

føremål	midlar
Vedlikehald	1 106 000
rammetilskot	440 000
skattekomp.	463 000
	<u>2 009 000</u>

Desse 2 mill. frå tiltakspakka er tilnærma det som ein alt hadde forventa ut frå tidlegare garantiar om kompensasjon for skattesvikt i høve til opphavleg statsbudsjett.

Sum frie inntekter og skattekompensasjon tilrår ein vert sett i forhold til vedteke budsjett, som inneber ein skattevekst på 5,4% og at ein held sum frie inntekter i kommunen sitt budsjett uendra som følgje av tiltakspakken.

Potten med midlar til vedlikehald tilrår ein vert innarbeidd i 2009 budsjettet. 2009 ber preg av ei satsing på vedlikehaldsforhold – innafor ei rekkje områder – spesielt bygg.

Midlane kring vedlikehald er øyremarka – rapportering til Fylkesmannen om kva midlane vert nytta til og kva tiltakseffekt tiltaka har.

Ein tilrår at potten frå tiltakspakka knytt til vedlikehald vert i sin heilskap tilført driftsbudsjettet og teneste 33301 kommunale vegar.

## KONKLUSJON

Driftsbudsjettet for teneste 33301 kommunale vegar vert tilført kr. 1.106.000 vedlikehald – konto 12304, finansiert med statstilskot.

Det vert ikkje gjort endringar på sum rammetilskot og skatteinntekt som følgje av tiltakspakka.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	26.02.2009	013/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	26.02.2009	019/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr.: 09/123
----------------	---------------------

### **SAK 019/09 - RULLERING AV KOMMUNEPLANEN - OPPSTART - PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG HØYRING**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 vert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Masfjorden kommune lagt ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 13.04.2009. Parallelt med dette skal det kunngjerast oppstart for arbeidet med både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen for Masfjorden kommune, jf pbl §20-5.

#### **FUP-013/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 vert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Masfjorden kommune lagt ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 13.04.2009. Parallelt med dette skal det kunngjerast oppstart for arbeidet med både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen for Masfjorden kommune, jf pbl §20-5.

#### **Det skjedde i Fast utval for plansaker den 26.02.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### **KS-019/09 VEDTAK:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 vert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Masfjorden kommune lagt ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 13.04.2009. Parallelt med dette skal det kunngjerast oppstart for arbeidet med både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen for Masfjorden kommune, jf pbl §20-5.

#### **Det skjedde i kommunestyret den 26.02.2009:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at planprogrammet skal visa kva føremål/rammer og nye forskrifter me har og kva tidsplan som me legg opp til.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

**Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

### Utskrift vert sendt:

Austrheim kommune		5943	AUSTRHEIM
Barnas representant		5981	MASFJORDNES
Bergvesenet m/bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
BKK nett As	Postboks 7050	5020	BERGEN
Den Norske Kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd	Postboks 1960 Nordnes	5817	BERGEN
Fiskeridirektoratet Region Vest	Postboks L	6701	MÅLØY
Fylkesmannen i Hordaland	Landbruksavdelinga	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	5020	BERGEN
Gulen kommune		5966	EIVINDVIK
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Høyanger kommune		6993	HØYANGER
Kystverket Vest	Postboks 466	5501	HAUGESUND
Lindås kommune	Kverhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Mattilsynet Hordaland og Sogn og Fjordane	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Modalen kommune		5729	MODALEN
NVE Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE
Statens vegvesen	Region vest	6863	LEIKANGER

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Arealdelen av Masfjorden kommune sin arealplan vart sist vedteke i kommunestyret 23.02.2006 som sak 10/06. Samfunnsdelen vart vedteke midt på 1990-talet.

### FAKTA

Plan- og bygningslova set krav til at kommunen skal utføre ein kontinuerleg kommuneplanlegging og at ein minst ein gong i kvar valperiode skal vurdere kommuneplanen samla, jf pbl §20-1

### VURDERING

Planprogrammet er utarbeidd etter ein kort administrativ prosess etter strategimøte i kommunestyret 03.02.2008. Planprogrammet kunne vore meir gjennomarbeidd før det vart lagt fram for kommunestyret, men for å sikre ei framdrift i arbeidet meiner rådmannen at det no likevel er grunnlag for legge planprogrammet ut til offentleg høyring.

### KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.



**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 26.02.2009 vert vitna**

Håkon Matre  
ordførar

Liv Oda Dale  
kommunestyremedlem

Frode Langhelle  
kommunestyremedlem